



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Utgreiing av

Grensejustering for Ona og Sandøya 2024

FAKTAGRUNNLAG



Innhold

Storleik og geografisk plassering	3
Innbyggartal og demografi	3
Kommunikasjonstilhøve og arbeidspendling	4
Kommunikasjonstilhøve og reisetid	
Arbeidspendling	
Kommunalt tenestetilbod	5
Barnehage og skule	
Planstatus og utbyggingsmønster	
Anna	5
Kultur og foreiningsliv	
Næring og handel	
Tekniske tenester og brann	6
Vatn og avløp	
Veg	
Kaier	
Brann	
Nye foreslåtte grenser	7



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Statsforvaltar
[Else-May Norderhus](#)

Assisterande statsforvaltar
[Rigmor Brøste](#)

Kontakt;
Telefon: 71 25 84 00
sfmrpost@statsforvalteren.no

Foto på forsida: Øivind Leren

*Karta er laga av Møre og Romsdal
fylkeskommune og Statsforvaltaren i
Møre og Romsdal*



Kart 1: Det aktuelle området

Storleik og geografisk plassering

Øyene Ona, Husøya, Sandøya og Gåsøya ligg nord i Ålesund kommune. Ona og Husøya ligg tett inntil kvarandre, skilt av eit smalt sund. Det er bru mellom øyene og mogleg å gå mellom dei ved fjære sjø. Vår vidare omtale av Ona vil inkludere Husøya.

Mot aust grenser øyene til Aukra kommune og i søraust mot Midsund i Molde kommune.


Øyene har til saman eit landareal på 2,89 km². Det utgjer om lag 0,78 prosent av det totale landarealet i Ålesund kommune.

Innbyggartal og demografi

Det samla talet på innbyggjarar busett på Ona og Sandøya er 43. Gåsøya har ingen faste busette.

Innbyggartalet i Ålesund kommune er 58 509. Aukra kommune har 3 678 innbyggjarar. Dei som bur på Ona og Sandøya utgjer om lag 0,07 prosent av innbyggjarane i Ålesund kommune.

Ona har i perioden 2019-2024 hatt ein auke i folketalet, mens Sandøya har hatt noko nedgang i same periode.



Kart 2: Folkevekstutviklinga i området 2019-2024

Grunnkrets		Folketal				
Nummer	Namn	2019	2023	2024	Endring frå 2019	Endring frå 2023
15081308	Sandøy	34	28	27	- 7	-1
15081309	Ona-Husøy	15	14	17	+ 2	+ 3

Tabell 1: Grunnkrets og folketal


Kommunikasjonstilhøve og arbeidspendling

Kommunikasjonstilhøve og reisetid

Øyene er knytt til fastlandet via ferjesambandet Småge-Orten-Finnøya-Sandøya-Ona.

For å kome frå Ona og Sandøya til Harøya må ein ta ferje til Finnøya. Reisetida er 15 minutt frå Sandøya og 40 minutt frå Ona. Frå Finnøya til kommunesenteret i Ålesund er reisetida med bil 1 time og 35 minutt. Søkarane oppgjer at det å bruke kollektivtransport ikkje er eit godt alternativ, på grunn av varierende korrespondanse buss/ferje og reisetid vidare frå Finnøya. Flyplassen for Ålesund og omland ligg på Vigra i Giske kommune.

For å kome frå Ona og Sandøya til Aukra må ein ta ferje til Småge. Reisetida er 1 time og 20 minutt frå Sandøya og 1 time og 35-40 minutt frå Ona. Frå Småge ferjekai til kommunehuset på Aukra er det åtte minutt reisetid. Frå Småge ferjekai til Molde er det om lag 45 minutt reisetid inkludert ferje frå Aukra-Hollingsholm, og om lag ein time til Årø Lufthamn. Det er god korrespondanse mellom ferje og buss.



Kart 3: Infrastruktur i nærområdet

Reisetid i minutt til offentlege tenester

Til	Sandøya	Ona
Ålesund rådhus og til NAV-kontoret	125	140
Gossen barne- og ungdomsskole	78	93
Aukra rådhus og til NAV-kontoret	78	93
Aukra omsorgssenter	78	93
Harøy barnehage og skole	27	47
Sandøytunet (sjukeheim og innbyggartorg)	25	45

Tabell 2: Reisetid til aktuelle mål

Arbeidspendling

Ona og Sandøya inngår ikkje i ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion. Søkarane oppgjer at fire sysselsette personar pendlar ut frå grunnkrinsane Ona og Sandøy til Harøya/Ålesund og andre kommunar.

Kommunalt tenestetilbod

Barnehage og skule

Barn på øyene kan få barnehage- og skuletilbod på Harøya i Harøy barnehage og Harøy skule som har kombinert barne- og ungdomsskule (1-7. trinn). Skulen er plassert i Sandøyhagen som også inneheld kulturskule, bibliotek og kulturhus. Det er per i dag ingen barnehagebarn og ingen skulebarn på øyene.

Helse og omsorg

Helse- og omsorgstenester for innbyggjarane på øyene blir i hovudsak gitt på Harøya. Det er ikkje faste tilsette med tenestestad på Sandøya eller Ona. Det blir etter behov ytt heimetenester som støttekontakt, praktisk bistand og heimesjukepleie. Eldre med behov for fast oppfølging er busett på Harøya i tilrettelagt bustad.

Legevakta er på Åse i Ålesund. Ålesund er vertskommune for eit interkommunalt legevakt-samarbeid med Sula, Giske, Haram, Stranda, Fjord og Vestnes kommunar.

Ambulansebåten som skal betene Ona og Sandøya er stasjonert på Gossen i Aukra kommune. Søkarane oppgjer at rundt 60 prosent av innbyggjarane har fastlege på Harøya.

Planstatus og utbyggingsmønster

For øyene Ona og Sandøya gjeld kommunedelplan for Sandøy, vedtatt 25. juni 2015. Ona er i kommunedelplanen sett av til landbruks-, natur- og friluftsføremål, bustadområde, fritidsbustad-område, næringsverksemd med meir.

På øyene Ona og Sandøya gjeld følgjande reguleringsplanar:

- Reguleringsplan for Ona og Husøy, gjeldande frå 20.02.1997
- Endring Husøyvågen og kringliggande areal m/ føresegner, gjeldande frå 23.09.2009
- Pe-hamna på Husøya, gjeldande frå 23.04.2015
- Detaljregulering for gnr 6 bnr 2 Ona/Husøy – felt B3, gjeldande frå 20.12.2010
- Endring Husøya – område for fritidsbustader, gjeldande frå 20.10.2011
- Gnr. 3, bnr. 181 – Sandøya, gjeldande frå 30.11.2017
- Hamnevågen – gbnr. 803/15 – detaljregulering, gjeldande frå 18.02.2021
- Sjøberget småbåthamn, gjeldande frå 12.06.2014

Reguleringsplanane legg mellom anna til rette for fritidsbustad, naust og småbåthamn.

Anna

Kultur- og foreiningsliv

Øyene har sentrale kulturminne som til dømes Steffogarden (Ona) og Sandøy kyrkje. Desse er ein del av Romsdalsmuseet. Sandøy kyrkje og kyrkjegard blir og nytta av pårørande frå Orta og Finnøya. Kyrkja blir nytta til barnedåp og konfirmasjon av innbyggjarar frå Ona, Sandøya, Orten, Finnøya og til dels frå Harøya.

Foreiningar i det aktuelle området er:

- Ona og Husøy Velforening
- Ona Småbåtlag
- Husøyvågen småbåtlag, Ona
- Steffogardens Venner, Ona
- Forsamlingshuset Stormly, Ona
- Forsamlingshuset Kringsjå, Sandøya
- Sjøberget småbåtforening, Sandøya
- Sandøy Velforening
- Sandøy Småbåtforening
- Sandøy Kvinne og familieforbund

Næring og handel

På Sandøya er det eitt stort aktiv gardsbruk og eitt einmannsforetak i registrert kystfiske. Sandøya har daglegvarebutikk med post og laurdagskafé. Det er i tillegg utleige av rorbu og hytter.

Ona har ein butikk/kafe som selger garn, strikkeprodukt og litt daglegvarer. Det er to heilårs-drevne keramikkkverkstader på Ona. Ona Havstuer har leiligheter, rom og sesongåpen restaurant. Hustadvika Adventure har utleieleilegheiter og pub.

Tekniske tenester og brann

Vatn og avløp

Ålesund kommune leverer vatn til Sandøya, Ona og Husøya. Det ligg sjøkabel frå Finnøya via Sandøya til Husøya.

Det er bygd kommunale avløpsanlegg på Ona.

Veg

Det er både fylkesveg og kommunale vegar på øyane. Fylket/kommunen har avtale med ein operatør på kvar øy om brøyting.

Kaier

På Sandøya er den kommunale kaia riven, men det ligg ei kommunal flytebrygge som blir nytta som ambulansesai/beredskapsbrygge.


På Ona er det kai tilknytt ferjekai. Det er i tillegg ei flytebrygge eigd og drifta av velforeininga. Flytebrygga blir nytta som beredskaps- og servicebrygge. Kystverket eig ei allmenningskai på Ona.

Brann


Det er branndepot på Sandøya og Ona. På Sandøya er det tre deltidstilsette «depotmannskap». På Ona er det fem deltidstilsette.

Det er utarbeidd brannsikringsplan som krev øvingar. Det er montert nye brannpostar/brannkummar og brannalarmar på øyene. Molde Brannvesen er sentral for å hjelpe til ved brann på Ona og Sandøya.

Nye foreslåtte grenser



Kart 4: Forslag til grenser over heile området, med Gåsøya



Kart 5: Forslag til grenser frå søkarane på Ona og Sandøya